

# Fretheim-tunnelen i Flåm

Av Svenn Arve Kleivane

Han er svart som ein feiar, tunnelarbeidaren i Frettheimtunnelen, har aldri opplevd makin til fylitt, på glideflatene og i knusningssonene er det eit feit belegg som fargar alt svart. Og glideflater er det jammen nok av, blanke som speglar. Ikkje berre glideflater, men store åpne sprekker, så store at ein mann kan krypa inn i dei. Og fleire plassar er det god trekk, så sprekkesystemet går nok heilt ut i dagen.

Så han er nærvøs, drivaren, der han står og lader salva. Han må stadig rennska opp hol som raser saman. Det dryp og renn frå stuff og heng, dampen står av den våte kjedressen hans. Fjellet er så ope at når det regnar ute dryp det meir frå tunneltaket.

Vonbråtet var stort ved passering av skyveplan ved bunnen av Jotundekket. Berre ei lita oppknust bergartsgrense, uten mineralisering.

Det var etter at dei kom inn i fylitten problema vart store. Tydeleg at fylitten har fått mykje juling.

Han løfter stadigt hovet og lyser mot hengen. Tunnelen er fire meter høgare enn han skal vera på grunn av utrasing i tunneltaket. Med ett forsvinn vegbanen under han og han heng etter brøstkassa med beina dinglande ned i sleppa.

Tunnelsteinen som hadde tetta sleppa hadde forsvunne vidare nedetter og etterlet eit gapande hol i vegbanen. Han kravlar seg opp og lyser ned i sleppa og kan sjå omlag seks meter nedover der sleppa gjer ein sving. Saumfer sleppeveggane etter ljosrefleksar fra krystaller, ingen ting, berre eit kaldt gufs, med eim av jord frå djupet.




Foto: STEIN/ghw

*Vi fekk denne fine skildringa til Kleivane i 1993. No har Fretheimtunnelen vori ferdig i eit par år, ein av dei mange i vegsambandet på Vestlandet. Han skulle ha vori på trykk for lengst, men han kom vekk for oss i dei enorme radaksjonslokala våre, - vi har eit problem der. Men han har tålt lagringa godt, - og tilfelle ville ha det sleek at eg stoppa på veg ned til Aurland på ein tur i haust. Eit biletet ville eg ha og eg meiner bestemt at Fretheimtunnelen går igjennom nabben som stikk ut i vatnet midt i biletet. Eller er det lenger mot Flåm? Det får stå til, eit retteleg godt høstgråverstidlegkveldsbilete er det, - mykje stein finnst det også.*

ghw